

høgnorsk mytt

Nr 3/2000 OKTOBER

Innkalling til årsmøte

Tid: Fredag 20. oktober 2000 klokka 18.00.
Stad: Rom U35 (Kjellarhøgdi), Helga Engshus, Blindern i Oslo.

Innleiding ved Kjartan Ottosson um Island og nynorsken. Dinaest vanlege årsmøtesaker.

Saklista:

Sak 1: Godkjenning av innkallingi og saklista.

Sak 2: Årsmelding for 1999-2000.

Sak 3: Rekneskapen for 1999.

Sak 4: Arbeidsplan for 2000-2001.

Sak 5: Budsjett og årspengar.

Sak 6: Fråsegner.

Sak 7: Val.

Sak 8: Ymist.

Alle lagsmenner som hev svara årspengar i 2000, møter med fulle rettar.

Klassikaren:

"I Sproget har Folket aadigen nedlagt alt hvad der har oplevel, sine Kampe og sine Setre, sin Lykke og sin Sorg, sine Taktagelser og sine Tanker. I det speiler sig i aadig Reflex det Lands Natur, der har omgivet Folket og uddannet det Eiendommelighed, ja Folkets Liv selv, med dets Hverdags Arbeid, dets Fæsters Gleder, det Kjarlighed og Had, dets Dyder og dets Synder."

Arne Garborg

Årsmelding 1999-2000

Arbeidsbolken som gjeng ut i oktober, hev bore merkje av jamt og for det meste fredsamt høgnorskstræv. Dei toppunkti som skil seg ut, er mynstringi i samband med årsmøtet i Norsk språkråd og hjelp og annan tilstudnad til Høgnorskdagane i Volda. Elles hev det kome utgåvor av Høgnorsknytt med jamne millomrom, og hausten 2000 byrja ein studiering um Arne Garborg i Oslo.

Ålment um stoda

Vedtaket til Norsk språkråd i februar 2000 peika i stikk motsett leid av det Høgnorskringen hadde ynskt seg. Endå ein gong vart tradisjonelle former offer for sneversynt og byråkratisk målplanleggjing, og dei førande fyrtalesmennene i Språkrådet synte jam vel slik vanvyrndad for hugmåli til andre nynorskbrukarar at dei talde ifrå å senda vedtaket ut på høyring. Noregs Mållag studde vedtaket i det store og heile og strika under at utfallet var udramatisk for nynorsken. Norsk Målungdom mælte i ei fråsegn imot normal framlegget i fyrekant av møtet etter framlegg frå høgnorskhold i samskipnaden.

Di verre er det ikkje berre frå styremaktene at høgnorsksvnet hev møtt motburd det

siste året. På landsmøtet i Norsk Målungdom mars 2000 kom det kritikk um at det vart skriva for mykje på høgnorsk i meldingsbladet Motmæle. Sentralstyret i NMU er no inne i ein prosess for å gjera vidare granskingar av målbruken i bladet og laga retningslinor for kva former som skal kunna nyttast. NMU ser difor ut til å gjeva opp den høgnorskvenlege haldningi som voks seg sterk i samskipnaden kring 1990 og sidan hev vore haldi ved lag i større og mindre mun. Eit forbod mot høgnorsk i NMU-bladet kjem til å råka deim av lagsmennene som arbeider i NMU.

INoregs Mållag er det enno mykje samling kring den rådande offisielle nynorsken. På landsmøtet sumaren 2000 vart det etter upptak frå folk med samhug for høgnorsk fremja ei fråsegn mot å taka inn fleire an-beheit-else-ord i nynorsken. Det ser ut til Språkrådet etter kvart gjeng so langt i å godkjenna bokmålsord at endå til Mållaget, som helst ser gjennom fingrar med slikt, vaknar or vetterdvalen sin.

Jamvel um sumt av motstandet mot høgnorsk hev ovra seg i ufjelge former, syner det òg at høgnorsksaki er i ferd med å verta ei ny og påansande makt innanfor målrørsla. Etter å ha skranta i mange år kann høgnorskrørsla få ny vind i segli, ikkje minst med tanke på at den bokmålisera nynorsken misser tildragnad og velvilje hjå folk. Motmennene

våre gjer ofte innkast mot oss av di me er so vyrke for rettskriving og slikt som høyrer skrivemåtar til. I år hev det vore sers rettkome å reisa striden på dette umkvervet. Det gjeng mange tiår millom kvar gong Språkrådet gjer so inngripande brigde i nynorsken som denne gongen. Elles var det samnorskarane som fyrst umgjorde målreisingi til eit bokstav-spursmål. Dei vanda verket åt Ivar Aasen og byrja byggja sine eigne målformer. Imot dette hev me på høgnorsksida jamt sett opp den heilstøypte Aasen-normalen so som medvitne målmeistrar dyrka honom fram.

Tiltak i arbeidsåret

Fyre språkrådsårsmøtet vart det sendt ut ei utgreiding um framlegget frå fagnemndi med oppmoding um å skriva i blad og avisor. Sume av styresmennene i Ringen fekk inn lesar brev um saki i januar, der det vart lagt vekt på sjølve innhaldet i reform framlegget og måten Språkrådet skulde setja rettskrivingi ut i livet på. Tvo lagsmenner hadde òg dikta ei uhøgtidsam midvisa mot den nye læreboknormalen, som vart framført med stor innliving på årsmøtet. Aksjonen vart dekt med bilæte og noggrann umtala i Nationen, og Aftenposten nemnde òg det høgnorske synet i artiklane sine um årsmøtet. Høgnorsken skal òg ha vore nemnd i morgonsendingi til NRK fjernsynet. Ivar Aasen-sambandet sende inn ein lang og grunngeven protest mot læreboknormalen

Me tek her med eit innsendt skriftstykkje av austfoldingen Sverre Johnsen. Han studerar norrøn filologi ved Universitetet i Oslo og greider ut um palatalisering i det norske skriftmålet.

J-fenging

Dan sókallada j-fenginge (au kallad “palatalisering” av målmenner) er nokut av dat mest sérmerkta me hava i målet vårt, sem skilr dat frå hine skånøyske måle. Svenskt riksmål og danske målføre hava detta au, men dar er dat stórt sét bara i dei tyngde stavingarna, medan me i norsk hava dat både i dei tyngde og utyngde stavingarna. Bókmál tekr ikkje umsyn til j-fenginge i dei utyngde stavingarna, medan nynorsk gerer dat litt. Nynorsk hevr til dømes ikkje dar bókmál hevr ikkje. Einhvar vil kann henda hyggja på órdskep i nynorsk sem rekkje, krykkje (namnórd), og leggje, liggje, hengje (segnórd) og mange fleire, men detta er ikkje j-fenging, jamvel um bókmál vantar j hér. Dat er slik at dat er bókmál sem hevr mist j-en, må vita, ikkje nynorsk sem hevr fenget honum.

Só hvat er j-fenging då? Jau, dat er só greidt sem at norsk (norske målføre) hevr fenget eit j-innskot etter k og g sem stódu framanfyri gamalnorsk e, i, y, æ, ø i tyngda stavingar, og framanfyri e (auritat) i utyngda. Sidan havak/g og j genget saman til eitt ljód; kj > ç (austnorsk) og gj > j. (Dat gekk då lika eins med dei gamle, upphavlege sambonde kkj, kj og gj. Stórt sét heldt ggj seg, men nokre målføre hava fenget eit “dzj”-ljód dar) Ikkje er då j-fenging, av di gamalnorsk hadde ekki. Hine dømme ovanfyri er då ikkje j-fenging, av di gamalnorsk var rekkja, krykkja, leggja, liggja, hengja med ein gamal,

upphavlegj.

Egtykker me ljóta føra inn j-fenging i utyngda stavingar i ritemålet vårt, av di dat er só sérmerkt norskt, og só greidt, sidan me hava sama fyrisegn fyr både dei tyngde og utyngde stavingarna. Og só tykker eg dat er vænt (“Gamle Blakkjen gjekk upp bakkjen”!), men dat er sjølv sagt bara mi syn. Dar er tvæ gerder å føra inn detta på; anten setja inn j yvialt, eller ikkje gera dat, og heldr segja at k og g framanfyri dei nemnde ljóde fjá-j-fenging av sjølvu sér. Fyribils heldr eg meg til dat sidsta framlegget. Dat gerer eg só me hindra at órdskepe hanga dålegt i hóp, sem bok - bokji, bakkje - bakkar. Dagsens nynorska gerd, sem gerer bæde samstyndes, tykker eg ikkje høver (nynorsk hevr j bara framanfyri e og ø (i tyngda stavingar), men ikkje nær dei standa i hóp med eit annat sjølvljód; ei og øy. Detta er uvant flókut og vandt å skyna!). Nei, betre er å rita bok - bóke, bakke - bakkar og heldr segja /bó:çe/, /baçe/.

Vel, dei sem måtte vera samde med meg til nó, vilja kann henda tykkja at detta er greidt nóg, men at dat ikkje er só grant hvat me gera. Då må eg vara dykk og segja at å føra inn j-fenging i utyngda stavingar hevr só vidgengda fylgjur at dat vantar vel sidustykke. Eg skal taka deim ei fyr ei;

1. Nemneskap må enda på -a. -e eller

jamvåg gengr ikke. Då koma órd sem leike til á fá dan galne framburden */leice/. Bara órd med upphavlegj kunnu fá einsóvoren framburd, td. merkja.

2. Line hókynsórd kunnu ikke enda på -e i ubundet skap einfald (ei gente). Då kemr eit órd sem kake til á fá dan galna framburden */ka:çe/. . Betre er á lata deim enda på -a (attát -u

um ein vil nøyta jamvåg sem eg gerer; kaku). Á nyu kunnu bara órd med gamal j fá ein sóvoren framburd, td. ei ekkja, ei bikkja.

3. Line hókynsórd kunnu ikke enda på -er i mangfald (genter). Då kemr eit órd sem soger til á fá dan galna framburden */so:jer/. Sjølv lætr eg deim enda på -ur, adre vilja kann henda velja -or. Og, bara órd med gamal j kunnu fá ein sóvoren framburd, td. fylgjur, krykkjur.

4. Sterke hókynsórd med einstavingstónalag i mangfald kunnu lika eins heldr ikke enda på -er i mangfald (føter, røter). Då kemr eit órd sem bøkertil á láta sem */bø:çer/. Garborg løyste detta i midlandsnormalen med á lata deim enda på -ar, sem høver godt i midlandsmålet (Telamork -ar, og Vestfold og Ytre Austfold -ær). Men a til innskotssjølvljóð er ikke vant, me finna ikke *finnar, finnær (nótid av á finna) i desse umhvervarne. Me skulu heldr strjuka

endinge heilt, sem me hava gjórt i segnórde (finn), eller lata endinge vera -r, sem eg velr (bøkr). Dei sterke hókynsórde med tvástavings tónalag kunnu dar imót framleides enda på -er i mangfald, etter di dei gjórde dat på gamalnorsk, só me fá saker uttalat /sa:çer/. (Gamalnorsk saker)

5. Lika eins kunnu me ikke hava adre órd med einstavings tónalag på -er (vokster). Då kemr áker til á láta sem */á:çer/. Betre er ákr. Hugse at me jamvel i dagsens nynorsk hava vatn og botn, sem eru órd med einstavings tónalag, sagde med tvæ stavingar, men ritade sem um dat var éi staving. ákr og bøkr brjóta då ikke med siden. Sem de sjá, gripr detta hardt inn i målet, men eg tykker dat verdr betre, framanfyri alt meir fylgerett.

Eg tykker me ljóta føra inn j-fenging i utyngda stavingar i ritemålet vårt, av di dat er só sérmerkt norskt, og só greidt, sidan me hava sama fyrisegn fyr både dei tyngde og utyngde stavingarna.



- Høgnorsk -

Målet som ikkje vil døy!